

**Månad:** Juli 2017

**AKTIVITET**

Psykisk helsevern	Denne periode				Til no i år					
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	Avvik I fjor frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	Avvik I fjor frå i fjor		
<b>Psykisk helsevern vaksne</b>										
Tal heildøgnsopphald	1 333	1 390	-57	1 532	-199	10 640	10 497	143	11 134	-494
Tal utskrivne pasientar	74	91	-17	89	-15	617	636	-19	689	-72
Poliklinisk dagbehandling	33	14	19	17	16	264	170	94	200	64
Polikliniske kons. m/refusjon	1 256	1 108	148	994	262	15 833	13 328	2 505	13 956	1 877
<b>Rus</b>										
Tal heildøgnsopphald	444	601	-157	708	-264	3 816	4 538	-722	4 498	-682
Tal utskrivne pasientar	11	15	-4	16	-5	126	106	20	117	9
Polikliniske kons. m/refusjon	126	160	-34	108	18	1 663	1 928	-265	1 848	-185
<b>Psykisk helsevern barn og unge</b>										
Tal heildøgnsopphald UPH	34	72	-38	19	15	724	727	-3	572	152
Tal utskrivne pasientar UPH	4	8	-4	5	-1	56	58	-2	56	0
Polikliniske kons. m/refusjon	384	552	-168	409	-25	9 881	10 704	-823	10 148	-267

**Psykisk helsevern for vaksne (VOP/RUS)**

God aktivitet innanfor psykisk helsevern i perioden. Aktiviteten i døgnsesjonane er om lag på nivå med budsjett, medan poliklinikkane har vesentleg fleire konsultasjonar enn både budsjett og fjoråret. Beleggsprosenten på dei distriktpsikiatriske sentera er 72 prosent i snitt. Akuttposten hadde 49 prosent belegg i perioden.


Innanfor rus er aktiviteten lågare enn plan i perioden. Gjennomsnittleg beleggsprosent på ruspostane er 55 prosent i perioden.

Akkumulert er aktiviteten høgare enn fjoråret innan PHV, men litt lågare innan TSB.

**Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)**

Aktiviteten er litt lågare enn plan for perioden, både på UPH og ved poliklinikkane. 18 prosent belegg på UPH i perioden.

Akkumulert er aktiviteten på nivå med fjoråret.

**Beleggsprosent døgnsesjonar**


Beleggsprosenten i perioden er 72 prosent i snitt på DPS, og 55 prosent på ruspostane. UPH hadde eit belegg på 18 prosent i perioden.

## ØKONOMI

Psykisk helsevern	Denne periode			Til no i år		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett
Basisramme	34 907	34 907	-0	200 096	200 096	-0
ISF egne pasientar	636	838	-201	10 165	12 156	-1 992
Gjestepasientar	-26	183	-209	922	1 283	-361
Polikniske inntekter	2	-	2	40	-	40
Andre øyremerka tilskot	150	114	36	1 029	796	234
Andre driftsinntekter	346	596	-250	5 082	5 338	-256
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>36 016</b>	<b>36 638</b>	<b>-623</b>	<b>217 334</b>	<b>219 669</b>	<b>-2 335</b>
Kjøp av offentlege helsetenester	1 482	1 213	-269	10 607	8 489	-2 118
Kjøp av private helsetenester	141	134	-7	1 027	938	-89
Varekostnader knytt til aktivitet	289	213	-76	2 756	2 570	-186
Innleige av personell	1 310	1 041	-269	7 262	7 216	-46
Løn til fast tilsette	24 606	24 560	-46	137 037	139 164	2 126
Overtid og ekstrahjelp	628	678	50	4 150	4 506	356
Pensjon inkl. arbeidsgjevaravgift	4 741	4 741	-0	33 187	33 187	-0
Offentlege tilskot og refusjonar vedr. arbeidskraft	-1 155	-702	453	-6 851	-4 912	1 939
Anna løn	3 266	3 547	281	19 045	20 031	986
Andre driftskostnader	638	1 214	576	7 965	8 482	517
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>35 945</b>	<b>36 638</b>	<b>693</b>	<b>216 184</b>	<b>219 669</b>	<b>3 484</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>71</b>	<b>0</b>	<b>71</b>	<b>1 150</b>	<b>0</b>	<b>1 150</b>

### Perioden:

Aktivitetsbaserte inntekter (ISF) er lågare enn budsjett i perioden, sjølv om aktiviteten er meir enn 5 prosent høgare enn budsjett. Dette skuldast at ein del av PHV sine inntekter førebels er bokført på budsjetteknisk område i Helse Førde. Beløpet er om lag 0,42 mill. per måned, og i styresak om budsjett for 2017 er det vedteke at vi skal få tilført dei manglande inntektene som er tildelt frå Helse Vest på eit seinare tidspunkt. Reelt resultat i perioden er såleis 0,42 mill. betre enn bokført resultat.

Personalkostnadene i perioden er lågare enn budsjett som følgje av vakante stillingar, og lite bruk av vikarar ved sjukefråvær.

Bokført resultat i perioden er 0,1 millionar betre enn budsjett, reelt resultat er 0,5 millionar betre enn budsjett.

### Akkumulert:

Bokførte inntekter er 2,3 mill. lågare enn budsjett. Årsaka til dette er hovudsakleg at vi ikkje har fått full betaling for utført aktivitet. Aktiviteten er vesentleg høgare enn i 2016, og etter sju månader drift i 2017 manglar vi om lag 2,9 mill. i inntekter som førebels er bokført på budsjetteknisk område. Vi har til no i år hatt litt færre gjestepasientar frå andre regionar enn venta, og desse inntektene er om lag 0,35 mill. under budsjett. Diverse andre inntekter er litt høgare enn budsjett.


Samla sett er driftskostnadene 3,5 mill. lågare enn budsjett til no i år. Hovudforklaringa er lågare personalkostnader som følgje av vakante stillingar, og at tilsette har hatt permisjon utan løn. Kostnader til kjøp av behandlingsslassar i andre regionar har vore høge til no i år på grunn av dyre tryggleiksslassar som må kjøpast frå andre helseføretak. For tida brukar vi om lag 1,2 mill. i månaden for å kjøpe to slike plassar, men det er så langt i år lite kjøp av andre typar gjestepasientplassar.

Akkumulert har vi eit bokført resultat som er 1,2 mill. betre enn budsjett. Når vi tek omsyn til basisinntekt som er halde tilbake, er det akkumulerte resultatet 4,1 mill. betre enn budsjett.

Prognosen vår for 2017 er eit resultat som er 4,5 millionar betre enn budsjett.


## MEDARBEIDARAR

### Månadsverk:



Tal månadsverk i PHV vert redusert over tid.


### Sjukefråvær:



Sjukefråværet var 6,1 prosent i juni mot 6,4 prosent i same periode førre år.

## KVALITET

### Epikrise




I juli var 100 prosent av epikrisane sende innan fristen.

### Korridorpasientar


Det er ikkje registrert korridorpasientar i juli 2017.

### Ventetid for ventande ved slutten av perioden



Det er 150 pasientar som ventar på behandling ved utløpet av juli. Dei har i snitt venta i 32 dagar. I juli 2016 var gjennomsnittleg ventetid 31 dagar.

## Ventetid der behandling er starta i perioden



Dei 59 pasientane som har fått starta si behandling i juli har i snitt venta 30 dagar før behandlinga starta. I juli 2016 var gjennomsnittleg ventetid 26 dagar.

## Ventetid i kalenderdagar

Ventande ved perodeslutt.

Ventetid i kalenderdagar	Pasientar	I prosent
1-10	25	17 %
11-30	50	33 %
31-90	74	49 %
91-180	1	1 %
181-365		
365+		

Ventetidene er generelt korte i psykisk helsevern.

## Fristbrot

Eining med fristbrot	For ventande ved perodeslutt	
	Pasientar	I prosent
Psykisk Helsevern Barn og Unge	0	0 %
Indre Sogn Psykiatrisenter	0	0 %
Nordfjord Psykiatrisenter	0	0 %
Psykiatrisk klinikk	1	2 %

Fristbrot ved PSK skuldast svikt i rutinar.